

Hyttemøte 2026

Kultursalen, Vøringfoss hotell

25.02.26

Referatet bør sjåast i samanheng med presentasjonar frå møtet som også er lagt ut.

Innleiing

v/ordførar Timo Knoch

Grunnlaget for å arrangera hyttemøte er å skapa eit kontaktpunkt mellom kommune og hytteeigarar. Møtet er ein arena for informasjon og dialog om ulike saker som berører hytteeigarar og kommunen. Årets møte er tredje møte i rekka.

Agenda:

- Sysendalen skisenter
- Sysendalen reinseanlegg
- Renovasjon v/ BIR VH

Ved ledig tid:

- Kultur- og idrettstilbodet i kommunen
- Vilkårsparkering

Sysendalen skisenter

v/Magnus Steigedal, rådmann Eidfjord kommune

Kommunen har i januar 2026 søkt statsforvaltaren om tillatelse til oreigning av areal til skisenter. Dette er gjort med bakgrunn i vedtak frå Eidfjord kommunestyre. Eidfjord kommune er svært positiv til å ha eit skisenter i Sysendalen, men Eidfjord kommune ynskjer ikkje å vidareføra kommunal drift av skisenter i 100% kommunalt eige.

Kommunen har ikkje oppnådd resultatane gjennom forhandlingar med grunneigar. Jf. kommunestyrevedtaket skal kommunen dersom grunneigar ikkje vel mellom alternativa sal av tomta til EK eller kjøp av anlegget frå EK, skal Rådmann gå vidare med saka gjennom rettsleg avtaleskjønn knytt til avtalevilkåra i pkt. 9 eller om naudsynt ekspropriasjon etter oreigningslova.

Kommunen har rekruttert ei engasjementstilling som arbeider med ei framtidig løysing for skisenteret, ein driftsleiar for dagens anlegg og utvida styret i Sysendalen skisenter. Dette er finansiert via midlar avsett til arbeid med skisenteret, inntil kr. 965.000,-.

Prosjekt Sysendalen skisenter

v/Stig Otto Mjelde

Arbeidet med Sysendalen skisenter er eit revitaliseringprosjekt. Målsetnaden er å utvikla, betra og gi eksisterande konsept energi. Fokus på berekraft, ettersom anlegget er avhengig av natur og miljø. Dette må balanserast opp mot økonomisk og sosial berekraft. Realismen i prosjektet avhenger av mange faktorar, det er identifisert store moglegheiter. Målsetnaden er å skapa eit trygt og tydeleg prosjekt, som kan stå på egne bein og ikkje vera avhengig av tilskot. Ein må rigga prosjektet for framtida. Det pågår overordna arbeid med visjonar kor ein synleggjer potensiale og vidare prosessar. Mål om å sikra drift for ein lengre tidshorisont framover, ikkje sjå sesong for sesong.

Spørsmål/kommentar frå salen:

Korleis er tidslina for eit slikt prosjekt?

Svar frå kommunen: Dette er ein lengre prosess. Det pågår ein ekspropriasjonsprosess som har ei tidslina som er knytt opp til juridiske prosessar, desse kan ta inntil eit år. Kommunen vonar svar på søknad om oreigning innan utgang av våren 2026. Ved søknad om oreigning, er utfall aldri gitt. Det blir ikkje drift på skisenteret for sesong 26-27. Prosjektet har fokus på framtida, og ynskjer å byggja kvalitet for ein lengre tidshorisont, dette krevjar tid i oppstartsfasen.

Trist at det er behov for ekspropriasjon. Kommunen har iverksett oreigning, men skal ikkje eiga og drifta skisenteret. Har kommunen konkrete interessentar? Risiko for at kommunen vil bli ståande som eigar av eit areal som ikkje er i bruk.

Svar frå kommunen: Det er for tidleg å svara på spørsmål om interessentar og investorar. Det kan ikkje hentast inn investorar når ein ikkje har avklart eigedomsforholdet. Kommunen tenker langsiktig og vil skapa rammevilkår som sikrar ein positiv utvikling.

Når det gjeld konkrete forhandlingar om eigedommen er dette framleis ein pågåande forhandling som gjer at prosessen er unnateke offentlegheita.

Påstand om at det er auka tal hytter til sals i Sysendalen på bakgrunn av manglande skisenter. Ber kommunen om å få fortgang i prosessen.

Svar frå kommunen: Kommunen oppfattar at prosessen pågår, prosess kan ta tid.

Er oreigning eit naudsynt grep?

Svar frå kommunen: Etter gjeldande festeavtale på eigedommen pkt. 9 skal ein ved avslutting av avtalen enten bli einige om at ein av partane kjøper den andre ut, eller skal ein gjennomføra ein oreigning etter oreigningslova.

Kommunen utelukka ikkje å koma til einigheit med grunneigar undervegs i prosessen, dette er mogleg undervegs i ein oreigningsprosess.

Påstand om at Eidfjord resort har ikkje klart å finna investorar, korleis er dette ulikt kommunen sin prosess? Er det mogleg å tiltrekke seg aktørar? Korleis vil det fungera med to skisenter i Sysendalen?

Svar frå kommunen: Me veit ikkje at det vil vera utfordrande, det krevjar ein prosess for å sjå om det er realiteten. Det ligg til rette for at det kan vera kort veg frå kapital til resultat. Gjennom kommunen sin dialog med Eidfjord resort syner dei til at to skisenter er ein fordel, det gir synergieffektar. Aktivitet speglar investeringer, som vidare speglar kapitalbehov. Det er mange moglegheiter for aktivitet. Må finna ein balanse for aktivitet på eit slikt område.

Etter vedtaket frå kommunestyret kan kommunen vera deleigar, men skal ikkje vera eigar 100%. Deleige av kommunen er stabilt, og eit positivt trekk ved innhenting av eksterne aktørar. I ein innleiande prosess har ein hatt positive dialogar med seriøse aktørar, som ikkje har vore vidare forpliktande.

Er det mogleg å halda skisenteret i drift i kommande sesong 26/27?

Svar frå kommunen: De er mogleg, men det vil ikkje anbefalast. Ein bør taka seg tid for å byggja eit prosjekt som vil vera berekraftig over tid.

Dersom statsforvaltaren avslår kommunen sin søknad om oreigning, kva då?

Svar frå kommunen: Vidare prosess ved eit eventuelt avslag må ta som ei sak til kommunestyret. Dei må velja vegen vidare. Oreigningsprosessen er iverksett for at kommunen har behov for arealet. Vidare blir det eit spørsmål om kor smertegrensa går for kostnader for kjøp eller leige.

Sysendalen reinseanlegg

v/Trond Krøgenes, prosjektleiar Sysendalen reinseanlegg

Undervegs i grunnarbeidet til reinseanlegget gikk entreprenør Anlegg Vest konkurs. Dette gjer at deler av arbeidet knytt til grunnarbeidet ikkje er ferdigstilt. Kontrakt er heva, og det er ikkje nokre krav frå buet per d.d. Det er dialog om tilleggskontrakter for andre involverte aktørar i prosjektet for å sikra gjennomføring av arbeid. Konkursen har ikkje hatt noko konsekvens for framdrifta.

Det arbeides med trase for utsleppsleidning til Bjoreio. Deler av arbeidet er ferdigstilt, noko arbeid gjenstår og fortsetta til våren.

Reinseanlegget er per d.d. tett. Stålkonstruksjon, vegger, tak og vindu er satt inn. Byggenteprisen har gått i tråd med framdriftsplan. Ved tett bygg fortsetter andre arbeider innandørs, og montering av reinseprosess kan iverksetjast.

Prosjektering av prosess-delen er ferdigstilt. Prosjektert til 5000 pe, har areal til framtidig utviding til 8000 pe. Det er førespegla overtaking av anlegg i desember, med prøvedrift i desember 2026 – januar 2027. Vidare skal anlegget vera i prøvedrift i 1 år, førespegla frå 01.02.27-01.02.28.

Vidare arbeid knyter seg på kopling og ombygging av eksisterande anlegg. Reinseanlegg (RA) Maurset skal byggjast om til pumpestasjon og det skal leggjast overføringsleidning til nytt reinseanlegg. Reinseanlegg (RA) Liseth skal rivast.

Spørsmål/kommentar frå salen:

På kva tidspunkt kan ein kopla på nye einingar til offentleg VA-infrastruktur?

Svar frå kommunen: Formelt blir anlegg for handtering av avløp kopla saman i perioden desember 2026 - januar 2027. Anlegget skal deretter i ein lengre periode i prøvedrift.

Per d.d. har me ikkje eit konkret svar på tidspunkt, ettersom det formelt er statsforvaltaren som må oppheva påkoplingsstoppen. Det vil bli delt ny informasjon når det føreligger.

Kven betaler for bygging av nytt reinseanlegg?

Svar frå kommunen: Utgifter knytt til bygging av ny VA-infrastruktur er delt på avløpsområder; Sysendalen og Eidfjord. Sjølvkostområdet Sysendalen skal dekkja inn investeringar i vatn og avlaup innanføre sitt område.

Når det gjeld sjølvkost heiter det seg at «inntekter (gebyr) for ei teneste skal ikkje overstige kostnaden med å levere tenesten». Det vil sei at kommunen ikkje skal «tene» pengar på gebyr, gebyra skal berre betale for dei utgiftane ein har. Det er klare reglar for sjølvkostrekneskap i kommunane, og reglane er like for alle kommunar.

Med grunnlag i høge utgifter knytt til bygging av eit nytt reinseanlegg har det, og vil vidare, medføra ei auke i avløpsgebyr i Sysendalen. Ved bygging av nye einingar i Sysendalen vil det vera fleire å dela reknestykket på, der gjer at avgifta vil gå ned.

Anlegget er dimensjonert for 5000 pe, kva betyr dette? Ved overkapasitet, kven betaler for den?

Svar frå kommunen: pe er forkortelse for personekvivalenter. Dette er eit omgrep som i avløpssamanheng er ein måleeining for organisk forureining. På bakgrunn av kjemiske analyser kan ein sei noko om mengde organisk materiale i avløpet, og rekna ut til kor mange personar det er i eit område ut i frå standardtal.

På bakgrunn av dagens situasjon er det 3200 pe i Sysendalen. Dagens reinseanlegg er overbelasta. Nytt reinseanlegget må takle både eksisterande hytter, men og ei viss framtidig utbygging. 5000 pe er stipulert på bakgrunn av historiske data for utbygging i Sysendalen.

Etterspør fordelingsnøkkel på sjølvkosten. Korleis skal kommunen betala for deira fellesanlegg på reinseanlegget, t.d. garasje, møterom mv.?

Svar frå kommunen: Med bakgrunn i overbelasta eksisterande anlegg må kommunen byggja nytt reinseanlegg. Det er via ei politisk nedsett arbeidsgruppe gjort store grep for å kutte kostnader. Fellesfunksjonar som skissert i spørsmålet er tatt ut for å spara kostnader. Ingen møterom, garasje eller annet som ikkje er knytt direkte til VA-drift og regelverk for arbeidsplass.

Kva er status for Eidfjord resort? Korleis stiller dette seg i høve dimensjonering av anlegg?

Svar frå kommunen: Kommunen uttaler seg ikkje om status for private føretak.

Anlegget er dimensjonert for dagens tilkoplade abonnement, samt ei utviding. Dersom Eidfjord resort vert realisert i full målestokk vil det krevja ei utviding til anslagsvis 8000 pe. Ein kan utvida til 8000 pe innanføre veggene i dagens anlegg.

Kommentar frå hyttevelforbundet i Sysendalen: Hyttevelforbundet fremjar desse sakene på vegne av alle i Sysendalen. Dei har nedsett ei gruppa som arbeidet med tematikken. Dei har sendt spørsmål til kontrollutvalet i Eidfjord kommune og har dialog med den politiske arbeidsgruppa som arbeider med reinseanlegget.

Kva er status for toalettanlegget på Sysendammen?

Svar frå kommunen: Dette er eit uavklart tema, kommunen har ikkje noko konkret svar i høve saka.

Korleis krevjar kommunen inntekter på Statens vegvesen sitt anlegg ved Vøringfossen (Fossli, Fossatromma)?

Svar frå kommunen: Per d.d. er det ikkje noko måling på vassforbruk for næringsaktørar i Eidfjord kommune. Kommunestyret har bede om ei utgreiing for kva eit slik gebyr vil medføra for Eidfjord kommune: *“Rådmann får i oppdrag å revidera ”Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Eidfjord kommune” i løpet av 2026 og innarbeida eventuelle endringar i gebyrregulativ for 2027.”*

Hytterrenovasjon v/BIR Voss Hardanger

v/John Gaute Kvinge, dagleg leiar BIR VH og BIR Bergen

Det er kome endringar i regelverket knytt til hytterrenovasjon; krav om sortering av mat, plast, papir og papp og glas og metall. For bustader er det krav om henting på adresse, for hytter er ikkje dette eit krav. Hytter kan ha felles renovasjonspunkt. Dette er ei berekraftig løysing når dei skal tilby mange fraksjoner. Brukarar i Sysendalen får skryt for handtering av søppel, det er lite forureining og søppel på avveie.

BIR VH skal i gang med ein prosess å sjå korleis dagens renovasjonsløysing kan møta framtida. I dag er det 17 stk tømme punkt i Sysendalen, det er ynskjeleg å redusera dette til grovt 4 stk. Dette skal vera romlege stasjoner med god kapasitet. Ein treng grovt 500 kvm for renovasjonsløysing for 200 hytter. Ved ei slik løysing vil det vera tilgangssystem og moglegheit for ny gebyrmodell som styrast ut i frå kasta avfall. Plassering må sikrast inn i plan- og byggjesaksarbeid. Syner til gode dømer på Voss; Tråastølen, Myrkdalen og Herredsåsen.

Prosessens krevjar vidare dialog med kommunen, grunneigarar og andre representantar frå Sysendalen. Krevjar infrastruktur for at køyretøy skal komma fram, kan ikkje plasserast inn i hyttefelt. Kommunen har det overordna ansvaret for renovasjonen, som BIR VH drifter.

Spørsmål/kommentar frå salen:

Hytteigar opplever av deira renovasjon i Storlia er i bruk av turistar. Må sikra ei løysing kor deira avfall ikkje hamnar i naturen. Ynskjer å halda på renovasjon i delfelt, det er store avstandar i Sysendalen.